



Brua ved Dønhaughølen har lege slik sidan flommen hausten 2005. (Foto: Ola Matti Mathisen)

NVE har no vurdert om gjenoppbyggjing av den flaumskada brua over Uskedalselva ved Dønhaughølen har så store verknader for allmenne interesser at det vert stilt krav om konsesjonshandsaming. NVE har vedteke at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova

Men før det blir sett i verk skal det vurderast av kommunen etter plan- og bygningslova og det skal innhentast fråsegn frå fylkesmannen for å avklara kva omsyn som må takast til fisken i elva under gjennomføringa.

Brua vart skada under flaumen 14. september 2005 som fylgje av erosjon ved venstre brukar sett medstraums slik at brukaret kollapsa og brua vart liggjande skrått ned i elva. Magne Huglen ynskjer å bygge oppatt brua og bruke brudekket om att slik at avstanden mellom brukara vert som før. Det skal spuntast og støypast såle for nytt brukar på venstre side.

Det har kome synspunkt på at brua har hatt for liten lysopning og såleis verka oppstuvande i store flaumar. NVE har ikkje nok grunnlag for å vurdere om dette er tilfelle. Men hvis brua skulle få ein slik effekt, vurderer NVE ikkje dette til å ha innverknad på tryggleiksnivået for hus og eigendom nedanfor brua, sidan det er lite fall og relativt rolege strøymingsforhold vidare nedover.

NVE vurderer difor ikkje tiltaket med oppattbyggjing til å ha nemneverdige uheldige konsekvensar for allmenne interesser. Men hvis Huglen ynskjer å få ei kapasitetsvurdering kan NVE bistå med dette.

NVE stillar fleire krav, mellom anna at det ikkje vert betongsøl i elva og at spunta bør kappast i nivå med ferdig betongsåle.

Av Ola Matti Mathisen

